

# KONTROLLUTVALET I STRANDA KOMMUNE

## MØTEBOK

Møtedato 09.05.2012 kl. 16.05  
Møtestad: Rådhuskjellaren

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles tilstades: Randi Strand Overaa og Svein Kvaløy

= **3 voterande**

Magnar Furset hadde meldt forfall. Eva Rinde Habostad var ikkje til stades.  
To varamedlem var innkalla. Dei kunne ikkje møte.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:

Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte:

Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Frå Stranda kommune møtte assisterande rådmann Kjartan Lid og styreleiar i Strandafjellet KF, Rolf A. Myklebust i sak 17/12.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

Leiar orienterte om møtet i representanskapet i Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS den 23. april 2012 og resultatet av val til dei styrande organa i selskapet.

Leiar orienterte også om at Strandafjellet Skisenter AS hadde akseptert ein forvaltningsrevisjon i selskapet.

Det vart meldt inn ei ekstrasak om tilsyn med helse- og omsorgstenestene til eldre i Stranda kommune 2012.

### **SAK 15/12 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 27. MARS 2012**

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 27. mars 2012 blir godkjent.

**SAK 16/12**  
**VEDKOMANDE OVERORDNA ANALYSE**

Saksdokument datert 03.05.2012 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet ber om at det til møtet i september 2012 blir lagt fram ei analyse av overordna risikofaktorar i Stranda kommune si verksemd 1012 – 2015. Utvalet viser elles til innspel i saka gitt i møte 27.03.2012 og 09.05.2012.

**SAK 17/12**  
**STRANDAFJELLET KF ORIENTERING**

Styreleiar Rolf A. Myklebust orienterte om resultatet av gjennomgang av økonomiske og juridiske forhold mellom Det kommunale foretaket og aksjeselskapet. Prosessen er ikkje avslutta.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 18/12**  
**EVENTUELL SPØRJRUNDE OM KONTROLLUTVAL OG REVISJON**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 19/12**  
**TILSYNSRAPPORT FRÅ FYLKESMANNEN OM HELSE- OG OMSORGSTENESTENE TIL ELDRE I STRANDA KOMMUNE (Saka kom opp som ekstrasak)**

Rapporten vart delt ut i møtet.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Inge Gjørde  
leiar  
(sign.)

Randi Strand Overaa  
nestleiar  
(sign.)

Svein Kvaløy  
medlem  
(sign.)